

Offentleg mynde
Berørte partar
Øvrige


09.02.2022

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR NAUSTOMRÅDE SKUTEVIK, GNR/BNR 4/89 M.FL , PLANID 202107

På vegne av grunneigar Leif Hidle sender me med dette varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid av ovannemnde område ved Skutevika, Finnås i Bømlo kommune.


I gjeldande kommuneplan er området i hovudsak disponert til noverande andre typar bebyggelse og anlegg (naust), LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknytta næringsverksemd basert på gårdens ressursgrunnlag samt framtidig spredte boligbebyggelse. Ein søker å planlegga detaljregulering av område for utbygging av naust med tilhøyrande infrastruktur samt parkeringsareal. Det er allereie opparbeida tilførselsveg til naustområdet.

I kommuneplanen sine føresegner § 3.1.3 vert det stilt krav til detaljregulering for område der det er plass til meir enn 4 naust i rekkje, og det er på denne bakgrunn at ein ynskjer oppstart av detaljregulering av området.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel – viser aktuelt utbyggingsområde Skutevika i nordaust

Omfanget av planavgrensinga vart utvida i vedtaket frå Utval for Areal og samferdsle, og ein melder difor oppstart av regulering for eit større område enn opprinneleg omsøkt.



Planområdet med avgrensing

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 5 nye naust, i tillegg til å regulera inn eksisterande naust. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kai, flytebrygger og småbåtanlegg i sjø og grøntområde.

Eksisterande bebyggelse

Innanfor det aktuelle naustområdet er det i dag 5 eksisterande naustbygningar med kai. Det er etablert tilførselsveg og parkeringsareal til nausta.

Avvik frå kommuneplan

Kommuneplanen sine føresegrer § 4.4.1 seier «Naust og tilhøyrande kai kan ikkje byggjast lengre ut enn 3m frå kystkonturen.». I dette området ligg den reelle kystkonturen om lag 7m lengre ut enn det kartet tilseier. Ein ønskjer å regulera inn eksisterande situasjon som utfylt fundament for naust, med tillegg av trekai ytterlegare 3 meter lengre ut. Det siste er for å komme klar av eit gruntområde som ligg like utanfor. Det gir eventuelt ein kaifront som er på linje med øvrige kaiar innanfor. Dette vart vedteke tillatt av Utval for Areal og samferdsle 26.01.22.

Innspel, merknadar og kommentarar ønskes tilsendt innan 27.03.2022 til:

Planlegg Bømlo as, Fylkesnesvegen 31, 5430 Bremnes, eller på e-post til post@planleggbomlo.no

Meir informasjon kan finnast på www.planleggbomlo.no

Med beste helsing

Vidar Onarheim
Planlegg Bømlo as
M: 469 20 337

Vedlegg: -Vedtak om oppstart av detaljregulering, Bømlo kommune
 -Referat frå oppstartsmøte